

Barnevennleg tur i aktivt stølsmiljø



Turen startar ved Gaurhovdstølane og fyrste etappe er å gå opp på Gaurhovd. Her er det eit vidt utsyn. På tur ned att kryssar ein vegen til Volelie, før turen fortsett langs merka stig til Skøytingset.


Herfrå går ein på nordsida av gjerdet rundt vollen til enden av hyttefeltet Gaurhovd-Gravarstølane. Stigen går så austover mot Gravarstølane. Denne stigen vart tidligare kalla Rasmusvegen etter Rasmus Opheim som hadde Skøytingset. Her går ein over Køyrehovda (1025 moh) der det er fin utsikt til Ålingsfjella, Hallingskarvet, Dyna, Golsfjellet og Hemsedalsfjella.

Følg stigen til Søre Volelivegen og gå så vegen mot sør til Gravarstølane. Ta av fyrste veg til høgre mot Solhovd. Følg denne vegen nokre hundre meter og ta av til høgre før den fyrst vollen. Der går det stig/rideveg attende gjennom myrane og til Gaurhovd. Gå over Gåsterudhovda på 1058 moh og tilbake til utgangspunktet. Turen kan du også gå med utgangspunkt på Gravarstølane.

Denne turen passar for alle aldersgrupper og er veldig kjekk for barnefamiliar då den er lett og lite kuppert.



Foto: Ove Thorshaug



For meir detaljert kart sjå: Hemsedal/Gol/Ål 1:60.000.



Kjør Rv 7 til Torpo og følg så skilting mot Oppheim. Kjør Volelivegen innover åsen. Eller kjør opp til Lien fra Torpo sentrum og kjør Søre Volelivegen forbi Syningen. Betalingsbom



På Gaurhovd; nord for stølane mot Volelie, eller på Gravarstølane.



Km: ca 7 km for heile runden.
Tid: ca 1,5 time. 980-1058 m.o.h.



Det er registrert både kolgroper og jernvinneanlegg ved Gravarstølane



God fin stig i høgfjellstereng med noko myr

